



Innstilling frå valkomiteen i IKA Møre & Romsdal

Valkomiteen i IKA Møre & Romsdal legg med dette fram si formelle innstilling til nytt styre for komande periode.

1. Forslag til styre

Styreleiar:	Anne Mette Liavaag	ny	2 år
Nestleiar:	Hilde Kristin Røsvik	ny	2 år
Styremedlem:	Henning Torset	ny	2 år
Styremedlem:	Geir-Ove Leite	attval	2 år
Styremedlem:	Elisabeth Sande	attval	2 år

2. Varamedlemmar

Varamedlem 1:	John Arild Hestenes	attval	2 år
Varamedlem 2:	Eldar Øye	attval	2 år
Varamedlem 3:	Bjørn Flemmen Steinland	ny	2 år

3. Grunngeving frå valkomiteen

Valkomiteen har i arbeidet med innstillinga lagt vekt på behov for fornying, brei kompetanse, erfaring, kontinuitet og ei balansert samansetjing av styret. Forslaget skal sikre stabilitet og vidareutvikling av verksemda dei komande åra. Valkomiteen finn det uheldig at representantskapet star i ein situasjon der heile styret skal veljast samstundes. For å løyse dette må ein enten endre eller praktisere gjeldande selskapsavtale.

4. Valkomiteen

Medlem 1:	Karl Andre Birkhol	attval	2 år
Medlem 2:	Bente Bruun	attval	2 år
Medlem 3:	Per Sverre Ersvik	ny	2 år



Presentasjon av nye kandidatar:

Medlemmar:

Anne-Mette Liavaag:

- Assisterande kommunedirektør i Ålesund kommune

Erfaren leiar med solid bakgrunn innan offentleg forvaltning, arkiv- og dokumenthandtering, samt strategisk utviklingsarbeid. Anne Mette kombinerer sterk administrativ kompetanse med evne til samarbeid, kvalitetssikring og organisasjonsutvikling. Ho har brei erfaring frå samarbeid mellom kommunar, interkommunale selskap og regionale aktørar.

Nøkkelpetanse

- Strategisk leiing og organisasjonsutvikling
- Arkivfaglag kompetanse og dokumentforvaltning
- Prosjektleiing og digitaliseringsprosessar
- God kjennskap til kommunal sektor og interkommunale samarbeid

Hilde Kristin Røsvik:

- Kommunalsjef Samfunn i Giske kommune

Ho har dei siste fem åra leia arkivtenesta i Giske kommune som stabsleiar og no som kommunalsjef Samfunn, med spesielt fokus på modernisering, oppgradering til sky, nye prosedyrer og fleire integrasjonar.

Frå tidlegare har Hilde lang erfaring frå privat næringsliv som redaktør og dagleg leiar med personal og økonomiansvar. Ho har mellom anna jobba i lokalavisa Øy-Blikk, NRK og Svalbardposten.

Hilde har også vore politisk nestleiar i styret for Landslaget for lokalaviser med rundt 110 medlemsaviser frå 2005 til 2012. Som politisk nestleiar jobba ho spesielt med lokalavisene sine rammevilkår og var med på ulike høyringar i kulturkomiteen på Stortinget og i mediestøtteutvalget.

Ho sat også to periodar i Offentlighetsutvalget og var med på utarbeiding av ny offentlegheitslov., og har deltatt i fleire leiarutviklingsprogram i NRK, Landslaget for lokalaviser og no i Giske kommune.

**Henning Torset:**

- Varaordfører i Aure kommune

Leiar med solid erfaring frå kommunal sektor, digitalisering og tenesteutvikling. Henning har arbeid i skjæringspunktet mellom drift, strategi og teknologi. Han er opptatt av prosessar og robuste løysingar i dokumentforvaltning og arkivtenester. Henning kombinerer praktisk gjennomføringsevne med god forståing for kommunale beslutningsstrukturar.

Nøkkelpetanse

- Strategisk utvikling og organisasjonsforståing
- Digitalisering og prosessforbedring
- Prosjektleiing og implementering av nye system
- Samhandling med kommunar og interkommunale samarbeid

Varamedlem:**Bjørn Flemmen Steinland:**

- Kommunedirektør i Sunndal kommune.

Jobberfaring frå privat og offentleg sektor, kommunepolitikar i fleire periodar.

Valkomitè:**Per Sverre Ersvik:**

- Kommunedirektør i Hustadvika kommune, og tek over som kommunedirektør i Averøy 1.juni.

Lang og brei erfaring frå offentleg sektor.